

Dalen Næringsssenter A/S heldt ekstraordinær generalforsamling 1/9 2011.09.11

Møtet vart halde for å avklare vegen vidare for prosjektet.
33 aksjonærar (inkl. fullmakter) var representerte, totalt 61 aksjar.

Etter ein lang og grundig diskusjon, vart det samrøystes vedteke å gå for dei opprinnelege planane.

Nytt styre for Dalen Næringsssenter A/S

Etter framlegg var fylgjande valde samrøystes:

Styrelleiar - Arvid Savland
Nestleirar - Knut Folkestad
Styremedlem – Jan Herstad
Styremedlem – Bente Røyseth
Styremedlem – Bjarte Kalland

Varamedlem – Aud K. Fauske
Varamedlem – Torgeir Fauske.

Aksjesalg.

For å komme vidare blir det ny runde med aksjesalg. Teikningsperioden går frå 15. sep til 15. nov. Generalforsamlinga oppfordra bygdefolk om å støtte opp om, og "snakke opp" prosjektet til dei som måtte vere ukjende med planane.

Dugnadsarbeidet er i gang igjen.

Som fylgje av vedtaket på generalforsamlinga er dugnadsarbeidet komme i gang igjen. Laurdag 10 . sept var ein gjeng i full sving med forskaling og planering av ingangspartiet. Dette og området aust for bygget, innkøyringsrampen, er viktig å få ferdig før vinteren.

Dugnadsarbeidet vil bli organisert som før, vi håpar mange er klare til å stille opp!. Etter kvart som innarbeidet startar blir dugnadslister sett opp. Det er sosialt å delta på dugnad, når vi so kan vere under tak, kan dette gå berre ein veg, **Framover for bygda og for innbyggjarane !!**